

Jåstadkraft AS
Indre Jåstad
5777 Grinmo

Øyvind Svartveit

Vår dato: 07.05.2015
Vår ref.: 201401408-8
Arkiv: 311
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Eline Nordseth Berg
22959210/enbe@nve.no

Varig effektauke ved Jåstadkraft AS, Ullensvang herad, Hordaland - tiltaket er vurdert ikkje konsesjonspliktig

Vi syner til melding av 3.3.2014 om varig effektauke ved Jåstadkraft. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Orientering om tiltaket

Tiltakshavar Jåstadkraft AS ber om konsesjonspliktavurdering av planar om å overføre vatn frå eit sidelaup i Kvednhusbekken til inntaksdammen i Jåstadkraft. Jåstadkraft nyttar fleire mindre sidelaup frå Kvednhusbekken, som samlar seg til eit løp før inntaksdammen. Det siste sidelaupet, derimot, kjem fyrst saman med hovudlaupet 200 m nedstraums for dammen. Overføring av dette sidelaupet vil gi auka kraftproduksjon delar av året. Sidelaupet vil overførast til inntaksdammen via ei open grøft på 60 meter. Grøfta vil gå i eit område med planta granskog, frå kote 265 til kote 260. Det råka arealet som fylgje av grøfta er 300 m². Grunnen er eigd av G. Jaastad, som har godkjent tiltaket. Tiltaket fører til ein årleg produksjonsauke på 0,37 GWh.

I tillegg ønskjer Jåstadkraft å installere eit nytt turbinhjul, Brekketurbin. Dette vil gje ein auke i installert effekt frå 0,99 MW i dag til 1,15 MW. Tiltaket vil i følgje tiltakshavar gi ein produksjonsauke på om lag 4 %.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Jåstadkraft - hovuddata		
TILSIG	Hovudalternativ	
Nedbørfelt	km ²	3,04
Middelvassføring	m ³ /s	0,256
Alminneleg lågvassføring	l/s	10,6*
Planlagt minstevassføring	l/s	6
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	258
Avløp	moh.	4,2
Volum på inntaksmagasin	m ³	276
Lengde på aktuell elvestrekning	m/km	860
Brutto fallhøgde	m	254
Slukeevne, maks	l/s	570
Slukeevne, min	l/s	25
Installert effekt, maks	MW	1,15
PRODUKSJONSAUKE		
Produksjonsauke, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	0,08
Produksjonsauke, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	0,29
Produksjonsauke, årleg middel	GWh	0,37

*Alminneleg lågvassføring inkluderer også overført felt. Alminneleg lågvassføring for hovudløpet er 6 l/s.

Høyring

Meldinga er sendt Ullensvang herad, Hordland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland på høyring. Dette vert rekna som tilstrekkeleg for meldingar. NVE har motteke følgjande uttalar:

Ullensvang herad har gjeve uttale av 22.9.2014:

«...

Miljøvurderingar

Administrasjonen har vurdert søknaden ut i frå tidlegare søknad (2007) og i samband med innsamla data til kommuneplanarbeidet. I tillegg er data sjekka opp mot Miljøstatus, september 2014. Administrasjonen har ikkje funnet informasjon som gjer at tiltaket vert råka av kjende allmenne interesser. Administrasjonen meiner at vurderingsgrunnlaget er tilstrekkelig for å gje uttale.

Området som vert søkt om innlemma i vasskraftprosjektet, er lite i utstrekning (ca. 1200 m²). Det er i samband med tidlegare søknad gjort undersøkingar, for å avklare moglege konflikhtar med allmenne interesser. Området ligg i øvste del av ein granplanting. Det er også skogsvegar i området.

Vurderingar:

Friluftsliv – ingen kjente konflikhtar

Kulturminner/kulturmiljø – ingen kjente konflikhtar

INON-område – tiltaket ligg utanfor buffersone (1 km) og vil soleis ikkje føre til reduksjon

Verdifulle naturtypar – ingen kjente konflikthar

Raudlistearthar – det er ikkje registrert raudlistearthar i eller i nærleiken av tiltaksområdet

Vilt – tiltaket vil ikkje få vesentlege negative konsekvensar for vilt

Grunnvatn – ingen kjente konflikthar

Landskapsbilete – området vil verta synleg i anleggsperioden. Erfaring syner at naturen skjuler desse inngrepa raskt.

...

Tiltaket treng dispensasjon frå kommuneplanen. Heradet har i kommuneplanen sin arealdel, lagt inn det arealet som det var søkt om konsesjon om/fritak for konsesjon etter vassressurslova som LNF – spreidd næring – vasskraftutbygging. Det har i ettertid av godkjenninga av kommuneplanen vore naudsynt med mindre justeringar i arealbruken. Dette kan vera grunnar som i denne søknaden, utviding av produksjonen eller andre grunnar som t.d. betre løysingar på utbygginga. Heradet har vore positive til slike søknader, dersom fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

Andre tilhøve

Riksantikvaren har på høyring Sak om nasjonale viktige kulturlandskap. Sørffjorden i Ullensvang er eit av områda det er fremja framlegg til. Området er tenkt vist som omsynssone. Sjølv om dette arbeidet er i ein utgreiingsfase, er hovudføremålet med framlegget å sikra at det ikkje vert gjort store inngrep, som endrar landskapsbiletet. Ullensvang herad er positiv til denne registreringa, men vil ha drøftingar med Riksantikvaren på vilkåra som skal setjast i omsynssona. Slik administrasjonen tolkar dette tiltaket, vil det ikkje føre til vesentlege endringar av kulturlandskapet.

Etter ei samla vurdering er Ullensvang herad positiv til søknaden om auka slukeevne og overføring av bekk til Indre Jåstadelvi og Kvednhusbekken.

...»

Hordaland fylkeskommune har gjeve uttale av 22.9.2014:

«...

Vurdering

Fylkeskommunen har særleg ansvar for forvaltning av kulturminne, haustbare artar av vilt og innlandsfisk, friluftsliv og vassressursar i tillegg til havbruksforvaltning. Landskap og naturmangfald er sentrale verdiar når fylkeskommunen avvegar regionale planar og ålmenne samfunnsinteresser i konkrete utbyggingssaker.

Med liten usikkerheit vurderer fylkesrådmannen at tiltaket ikkje råkar ålmenne interesser, inklusiv kulturminnevern. Jmfør Naturmangfaldlova § 8 er kunnskapsgrunnlaget i høve til saka si karakter tilstrekkeleg.

Prosjektet er i tråd med Klimaplan for Hordaland 2014-2030 sitt mål om å produsere fornybar energi der ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i fylket.

1. Bakgrunn

Indre Jåstadelvi og Kvednhusbekken ligg på vestsida av Sørffjorden i Ullensvang herad. Vassdraget har sitt opphav nedanfor Gråffjellet i vest og munnar ut i Sørffjorden ca. 2,7 km vidare i aust. Dagens kraftverk nyttar eit fall på 254 m.

2. Prosjektskildring

Jåstadkraft AS planlegg å overføre vatn frå ein sidebekk via 60 m ope grøft til inntaksdammen til eksisterande kraftverk. Den 5 m breie vassvegen er planlagd graven i planta granskog. Med ein ny og meir effektiv turbin er tiltaket estimert å auke produksjonen med 0,37 GWh. Kraftliner og tilfartsveg eksisterer allereie.

Utbyggingskostnadane er forventa å vere 455 000 kroner, altså vert prisen 1,23 kr/kWh.

2.1 Tiltaket og kjende ålmenne interesser

Landskap

Landskapsregionen i delområdet Sørfjorden er 15 Lågfjellet i Sør-Norge og 23 Indre bygder på Vestlandet. Fjordlandskapet er vurdert til stor verdi og unikt i nasjonal målestokk. Planlagd tiltak råkar ingen eksponerte fossar eller vassdrag og reduserer ikkje det inngrepsfrie området på Folgefonnhalvøya.

Meldinga omfattar ikkje konkret plan for grøftegravinga og gjev ingen detaljar om det naudsynte masseuttaket. Eventuelle konsekvensar vert omfatta av retningsline R3-2 i Fylkesplanen:

«I fjordlandskap av stor verdi [...] skal [ein] legge vekt på at terrenginngrep, vegar, rørgatar mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet.»

Eventuell utfylling vil i seg sjølv ikkje gjere det naudsynt med konsesjonsplikt for planane då fylkeskommunen og andre sine merknader til utfyllinga vert handtert gjennom den kommunale reguleringsplanprosessen.

Naturleg mangfald

Med føreliggande kjennskap vert tiltaket ikkje råka av dei fylkeskommunale retningslinene for naturleg mangfald. Det gjer det ikkje naudsynt med konsesjonshandsaming.

Fisk, friluftsliv og reiseliv kor landskapet eller naturen er ein vesentleg del av attraksjonen Tiltaket syner ikkje å verte råka av dei fylkeskommunale retningslinene for fisk, friluftsliv eller reiseliv kor landskapet eller naturen er ein vesentleg del av attraksjonen. Det gjer det ikkje naudsynt med konsesjonshandsaming.

Kulturminne

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kan komme i konflikt med omsøkt tiltak. Vi vurderer området å ha eit lågt potensial for kulturminne og vil difor ikkje motsetje oss tiltaket.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom det i samband med arbeid i marka kjem fram funn eller konstruksjonar som kan vere automatisk freda må ein straks melde frå til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

...

3. Kunnskapsgrunnlaget

...

Meldinga manglar detaljert informasjon om planlagd inngrep i landskapet (masseuttak og grøftegraving). Vidare føreligg det ikkje vitskapeleg kunnskap om artsmangfald og økologisk

tilstand i sidebekken. Jamvel vurderer vi risiko for skade på naturmangfaldet i høve til saka si karakter som så liten at det vert urimeleg å krevje vidare undersøkingar.»

Fylkesmannen i Hordland har gjeve uttale av 22.9.2014

«...

Vår vurdering av tiltaket

Fylkesmannen vil vurdere søknaden ut frå omsyn til dei fagfelte vi har særskilt ansvar for. Berre potensielle konfliktområde er omtala.

Etter vår meining vil dei omsøkte endringane føre til små forverringar for allmenne interesser i dei påverka vannforekomstane i høve til det prosjektet som allereie har fått konsesjonsfritak. Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller forekomstar av artar i tiltaksområdet. Naturtilhøve som vegetasjon, geologi, topografi eller fukttilhøve tydar ikkje på at sjansane for å finne slike er spesielt store.

Det nye overføringa vil ikkje reduserer INON-arealet i området.

Ved utlaupet i Sørffjorden er Indre Jåstadelva flat, og her er det reproduksjon av sjøaure. Det opphavelige minikraftverket er plassert så langt inne/oppe at drifta ikkje påverkar anadrom fisk negativt. Den omsøkte auka slukeevna til etter vår meining ikkje endre på dette tilhøvet. Det er likevel viktig å velje tekniske løysingar som hindrar gassovermetning på vassvegen frå innlaup, via turbin til utlaup til skade for anadrom fisk. Etter naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar i rimelig grad dekke kostnadene for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet.

Kunnskapsgrunnlaget

Etter naturmangfaldlova § 8 skal kunnskapsgrunnlaget stå i rimelig forhold til saka si karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Søknaden inneheld lite informasjon om biologisk mangfald i det påverka området.

Kunnskapen om biologisk mangfald er likevel godt belyst gjennom andre kanalar, som Naturbase, Artsdatabanken og Villaksportalen. Opplysningane frå disse kjeldene viser at tiltaket ikkje kommer i konflikt med spesielle verdiar ein ønskjer å ta vare på. Fylkesmannen vurderer difor naturmangfaldlova § 8 som oppfylt.

Konklusjon

Dei om søkte endingane i Indre Jåstadelva og Kvednhusbekken kraftverk vil ikkje føre til skade eller nemneverdigige ulemper for allmenne interesser. Fylkesmannen meiner difor at ein kan gi konsesjonsfritak etter vassressurslova for dei omsøkte endringane i kraftverket.

...»

NVEs vurdering

Ved det planlagde inntaket for Jåstadkraft har Indre Jåstadelva/Kvednhusbekken eit nedbørfelt på 3,04 km² og ei middelvassføring på 256 l/s. Alminnelig lågvassføring er oppgitt til 10,6 l/s, inkl. 4,6 l/s som kjem frå Kvednhusbekken. Kvednhusbekken sitt nedbørfelt er 0,73 km². Dette feltet er så lite at ein kan anta at bekken ikkje har årsikker vassføring.. Tiltakshavar legg opp til å framleis sleppe 6 l/s minstevassføring i Indre Jåstadelva. Ut i frå vår vurdering av at Kvednhusbekken ikkje har årsikker vassføring meiner NVE at dette er i samsvar med vassressurslova § 10, som set krav om minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring for anlegg utan konsesjon.

Hordaland fylkeskommune skriv at dei ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne, og at dei vurderer området til å ha lågt potensial for slike kulturminne. Ullensvang herad skriv at dei heller ikkje er kjende med kulturminner som kan kome i konflikt med tiltaket. Heradet tolkar det heller ikkje dit hen at tiltaket vil føre med seg vesentlege endringar i kulturlandskapet. NVE gjer merksam på undersøkings- og meldeplikta etter kulturminnelova §§ 8 og 9, og meiner at forholdet til eventuelle kulturminne kan avklarast gjennom kommunen si behandling av tiltaket etter plan- og bygningslova.

Ingen av høyringsinstansane har registrert verdifulle naturtypar eller raudlista artar i tiltaksområdet. Fylkesmannen i Hordaland legg og til at naturtilhøve i området ikkje tilseier at slike finns. Søk i Naturbase (20.4.2014) viser ingen registreringar av verdifulle naturtypar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse. Søket viser heller ikkje registreringar av kulturminner eller MiS-registreringar.

Naturmangfaldlova legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og vert lagt til grunn når NVE vurderer meldinga. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5 er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag, jf. Naturmangfaldlova § 8. Med bakgrunn i informasjon frå tiltakshavar og høyringsinstansar vurderer NVE kunnskapsgrunnlaget til å vere godt nok i forhold til saka si karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Ut i frå den eksisterande kunnskapen kan vi ikkje sjå at det planlagde tiltaket kjem i konflikt med allmenne interesser knytt til biologisk mangfald.

Tiltaksområdet er fjordlandskap som er vurdert til stor verdi og unikt i nasjonal målestokk. Fylkeskommunen skriv at tiltaket ikkje vil få følgjer for synlege fossar eller vassdrag, og råkar ikkje verken verne- eller inngrepsfrie områder. Heradet er samde om at tiltaket ikkje vil få følgjer for landskapsbilete, og viser til erfaring med at naturen skjuler tiltak og inngrep som det omsøkte raskt. I tillegg ligg tiltaksområdet i planta, hogstmoden granskog, så det er allereie inngrep i området. NVE vurderer det til at tiltaket ikkje vil få vesentlege følgjer for landskapet etter at anleggsperioden er gjennomført.

Verken Ullensvang herad eller Hordaland fylkeskommune er kjende med at tiltaket vil koma i konflikt med friluftsliv.

NVEs vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Vedtaket legg til grunn at tiltaket vert gjennomført i samsvar med planane som er lagt fram. Dersom planane vert endra, må tiltaket vurderast på nytt. Iverksetting av konsesjonspliktig tiltak utan naudsynt konsesjon er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi gjer merksam på at sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld regelen i vassressurslova § 5 om aktsemd og vassressurslova § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg.

Denne avgjerda gjeld under føresetnad av at tiltaket vert sett i gong seinast innan fem år frå dato for vedtaket, jf. vassressurslova § 27. Det kan søkast om utsetting éin gong.

Med Jåstad minikraftverk med overføring frå Kvednhusbekken i drift skal det til einkvar tid sleppast forbi hovudinntaket ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring oppgjeven til 6 l/s i meldinga. Dersom tilsiget er mindre enn fastsett minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Det er ein føresetnad for vedtaket at der skal etablerast eit arrangement for minstevassføring.

Vidare sakshandsaming

NVEs konklusjon bygger på dei opplysningane som er gjevne i meldinga av 3.3.2014. Ved endringar i planane må ein sende ny melding, slik at NVE kan vurdere konsesjonsplikta på nytt. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med planar godkjent av NVE, inkludert planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat, jf. forskrift om el-sertifikat § 9, 2. ledd, bokstav a.

Vi understrekar at dette vedtaket ikkje gjev løyve til bygging. Tiltak som ikkje treng konsesjon etter vassressurslova, skal byggast etter reglane i plan- og bygningslova. Kommunen skal først vurdere utbygginga i høve til gjeldande arealplan for området og fastsette om det må lagast ny reguleringsplan for området eller om det kan gjevast dispensasjon frå gjeldande arealplan. Tiltaket må så behandlast som byggesak i kommunen. Tiltakshavar må sjølv ta kontakt med kommunen for nødvendige avklaringar og for å få dei nødvendige løyva.

Vidare gjer vi merksam på at tiltakshavar sjølv må avklare tilhøva til dei private interessene som tiltaket eventuelt kan gje følgjer for. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva. NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå. Det er tiltakshavar sitt eige ansvar å sørgje for nødvendige avklaringar. Vi anbefaler at det vert teke kontakt med lokal områdekonsesjonær for slik avklaring.

Har kraftverket ei merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer vi merksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på www.toll.no. Rundskrivet kan du også få på næraste tollstad.

Igangsetting av kraftverk skal meldast inn på skjema som finnast på www.nve.no/Rapportere-og-soke-til-NVE.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Orientering til kommunen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Ullensvang herad